

Empiriske krav til ein fonologisk beskrivelse

Av Helge Sandøy

1. *Innleiing*

Den generative fonologien har i ein generasjon fascinert oss med alle sine reglar, som har vist at det eigentlig er orden og system i språket bare vi dukkar under overflata. Men etter kvart er òg kritikken mot denne fonologien blitt velkjent: at det som fascinerte, nemlig beskrivelseskrafta i modellen, er likeins som Pandoras eske - som Roger Lass uttrykker det i den krasse kritikken sin (Lass 1984). I generativ fonologi har ein greidd å få alt inn i systemet, til og med det som er usystematisk. Det har vore svært få måtar ein kunne la dataa frå overflatestrukturen (realisasjonen) verke avgrensande inn på kva ein kunne konstruere som djupstruktur. Det har vidare ført til plagsamt mange mulige måtar å beskrive same språket på, og det gir oss ein mistanke om at vi ikkje har gode nok kriterium til å avgjøre om det virkelig er samsvar mellom beskrivelsen og det beskrivne språket.

Det har i lang tid vore eit utbreidd ønske å kunne avgrense krafta i ein beskrivelsesmodell. Ein må finne eit grunnlag for å stagge freistingane til å «leike» med elegante beskrivelsar; det må i prinsippet vere mulig å avvise ein beskrivelse. Frå sin tidlige fase har den generative grammatikken hevda eit økonomiprinsipp, nemlig at den enklaste beskrivelsen er den beste. Men dette er eit vanskelig kriterium å bruke, for sjølv om ein skulle greie å definere kva som er enkelt, vil ein fort oppdage at det som forenklar beskrivelsen på eitt punkt, kompliserer på eit anna punkt. Ei anna styring på kva ein kan konstruere, har vore å gi reglar som er fonetisk (artikulatorisk) naturlige, preferanse framom «unaturlige» reglar.

Ein måte å avgrense beskrivelseskrafta på har også vore å stille såkalla empiriske krav til beskrivelsen. Eit empirisk krav vil seie at ein på ein eller annan måte skal kunne observere det ein har beskrive, for ein beskrivelse må kunne testas og ev. falsifiseras.

Det kan vere fleire måtar å stille dei empiriske krava på. Nedafor vil eg drøfte noen slike krav til ein fonologisk beskrivelse i lys av eit norsk materiale.

2. *Naturlige reglar*

Eit krav om naturlige reglar vil seie at reglane skal vere fonetisk lette å forklare. Det kan vi f.eks. gjøre med ein syllabiseringsregel som seier at /-en/ blir til /-ŋ/ etter dentale konsonantar. Dette er «naturlig» fordi n-en sjølv er dental, og vi kan forklare fenomenet fonetisk som ein assimilasjon. Assimilasjon, dissimilasjon o.a. nemningar viser nettopp til fonetiske, naturlige prosessar.

Den velare palataliseringa var òg i utgangspunktet ein naturlig assimilasjon, for den velare konsonanten blei dratt framover (= palatalisert) pga. at det kom ein fremre vokal etter. Etter gammalnorsk tid har kvaliteten i endingsvokalismen endra seg, men utan at skiftet mellom velar og palatal konsonantisme er blitt skipla. Det gammalnorske skiftet *bók* [bo:k] - *bókin* [bo:çin] var altså naturlig, men når endinga i bestemt form blir til /-a/, kan ikkje skiftet [bø:k] - [ˈbø:ça] kallas naturlig, for /a/ hører ikkje til dei vokalane som gir fonetisk grunn til palatalisering. Skulle vi halde oss til eit krav om naturlige reglar, burde vi altså være litt skeptiske til ein regel om palatalisering av velarar, som Mf2 under pkt. 6 nedafor.

Mitt syn er at ein her blandar to ulike aspekt, nemlig 1) den synkrone grammatiske (her: fonologiske) *beskrivelsen* av det som er regelfast, og 2) den fonetiske (og historiske) *forklaringa* på at eit fenomen oppstår eller fell bort. I alle dei hundreåra som har gått etter at endinga /-in/ gikk over til /-a/, har det regelfaste konsonantskiftet fungert like fast som før denne kvalitetsendringa. Og mønsteret er framleis produktivt, som vi kan sjå i bøyinga av lånord som f.eks. *kiosk* og *truck*. Grammatisk kan altså unaturlige reglar fungere like godt som naturlige, og restriksjonar mot slike reglar ville hindre oss i å formalisere viktig grammatisk innsikt.

Når vi skal prøve å forstå korfor ein regel kjem til eller blir avvikla, er aspektet med fonetisk naturlegheit sjølvstapt det første ein tyr til. Men med å halde desse to aspekta åtskilt kan vi nettopp fange inn mange interessante sider ved språkutviklinga.

Eit tilleggseksempel skal eg dra inn: I nordhordlandsk fins det ein syllabiseringsregel som seier at /-en/ blir til /-ŋ/ etter dentalar (og ev. alveolarar), og dvs. òg etter /r/, slik at det heiter /'ga:ŋ/ 'garden'. Men når folk i dei yngre generasjonane i dag tar i bruk skarre-r, som ikkje er ein dental lyd, held dei fast ved syllabiseringa, slik at dei seier [ˈgɑ:ɾŋ]. (I bergensk, som må vere forbildet for skarringa, heiter det derimot [ˈgɑ:ɾən]!) Vi ser altså at regelen om syllabisering omfattar framleis r-fonemet, sjølv om dei fonetiske særdraga åt dette fonemet er forandra slik at regelen er blitt unaturleg.

Det er ikkje umulig at denne unaturlege syllabiseringsregelen vil stå ved lag i fleire hundre år, likeins som regelen om palatalisering av velarar. Her har vi nettopp høve til å studere spenninga mellom to drivkrefter i språkhistoria: fonetisk naturlegheit og grammatiske mønster/reglar.

3. 'Å kunne observere'

Det empiriske kravet om 'å kunne observere' vil seie at ein skal kunne teste om det er samsvar mellom beskrivelsen og 'objektet for beskrivelsen'. Det kravet kan presiseras slik at ein aldri fører opp fonem eller reglar som ein ikkje kan vere direkte vitne til på overflata. Men dette skal ikkje tyde at ein er like fastlåst til realisasjonsnivået som den klassiske strukturalismen var det. Kravet kan f.eks. tolkas slik: Dei fonema (eller morfofonema) som ein etablerer, skal i ein eller annen posisjon svare til ein lyd som på overflata kan brukas som tydings-skiljande lydeining. Dèt fører oss nær tradisjonell strukturalisme, men vi tillèt likevel at eit (morfo)fonem i visse posisjonar «på vegen» frå djupstrukturen til overflata blir forandra til andre lydar (andre fonem), i samsvar med presist formulerte reglar. Det direkte samsvaret mellom (morfo)fonem og realisasjon treng ein altså ikkje finne overalt.

Når det gjeld reglane, er kravet tilsvarande at vi i ein eller annen samanheng skal kunne observere dei som regelfaste forhold, altså generaliseringar, mellom skiftande overflateformer. Det vil seie at det i

avleiingsprosessen kan tillatas at resultatet av ein regel x i somme posisjonar blir «tildekt» fordi ein regel y verkar på resultatet av regel x, som i b) i figur 1. Men resultatet av regel x skal ikkje kunne vere «tildekt» alltid, det må kunne «observeras» ein eller annan stad, som i tilfelle a) i figur 1. Ein regel z i c) kan ikkje observeras og blir umulig etter slike empiriske krav.

Djupstruktur:	a) x	b) x	c) z
		y	y
Overflatestruktur:			
	↓	↓	↓

Figur 1.

Med slike krav kan ein tillate seg å formulere mange generaliseringar i fonologien, men ikkje uendelig mange. Beskrivelseskrafta har minka sterkt. Og vi har eit kriterium vi kan bruke for å avgjøre om ein viss beskrivelse ligg innafor ramma av det ein kan kalle «rett». Det er blitt mulig å tolke foneminventar og fonologiske reglar empirisk, for det er mulig å ev. avkrefte at dei skulle vere gyldige påstandar om språket vårt. Det skal vi sjå eksempel på nedafor.

4. *Nasalane*

I mange vestlandske dialektar, f.eks. sunnmørsk, er det ikkje nødvendig å rekne den velare nasalen som eige fonem, for han er 1) ein allofon av /n/ framfor velar klusil. Same n-fonemet skiftar til 2) fonemet palatal nasal framom palatale affrikatar:

F1) /n/ → [ŋ] / — [+velar]

F2) /n/ → [ɲ] / — [+affrikat]
 (+palatal)

Med to generelle fonologiske reglar som beskriv dette, er det mulig å få til økonomiske beskrivelsar som viser skiftet mellom [ŋ] og [ɲ] i sunnmørsk:

/tɔŋ/ -F1-> [tɔŋg] 'tong'
 /'tɔŋ+a/ -Mf-> /'tɔŋjja/ -F2-> /'tɔŋjja/ 'tonga'
 /'rɛŋje/ -F2-> /'rɛŋje/ 'ringe' (inf.)
 /'rɛŋde/ -F1-> /'rɛŋde/ 'ringte' (pret.)

Forholdet mellom [ŋ] og [ɲ] er her svært enkelt å avleie. Ein morfofonologisk regel (Mf) må rett nok til for å vise overgangen frå klusil til affrikat i 'tonga' - såkalla velar palatalisering. Men den regelen er uavhengig definert, og har eit stor verkeområde utover det vi er opptatt av her.

På grunn av at ordet 'tong' i f.eks romsdalsk har forma /tɔŋ/, altså utan velar klusil til slutt, må /ŋ/ reknas som eige fonem i denne dialekten. Dessutan lyder bestemt form /'tɔŋa/, altså utan /j/. Skiftet fra /ŋ/ til /ɲ/ er her ikkje kombinatorisk knytt til /g/ og /ŋ/. Derfor må det i tilfelle som 'tong' beskrivas i den morfofonologiske regelen om såkalla velar palatalisering - altså ikkje i ein generell fonologisk regel:

/tɔŋ/ 'tong'
 /tɔŋa/ -Mf-> /'tɔŋa/ 'tonga'

Dette vil seie av generaliteten for skiftet mellom [ɲ] og [ŋ] i beskrivelsen av romsdalsk er sterkt redusert i forhold til generaliteten i beskrivelsen av sunnmørsk. Forholdet kan ikkje beskrivas som generell fonologisk regel, i staden må den *morfofonologiske* regelen om velar palatalisering gjørast meir komplisert, for han må spesifisere fleire lydskifte.

Ein delvis parallell ser vi òg i dei romsdalske bøyingsformene av verbet 'ringe', for det heiter i infinitiv /'rɛŋe/ og i preteritum /'rɛŋte/ (ev. /'rɛŋde/). Det er ingenting i den lydlige omgivnaden som forklarar skiftet mellom /ŋ/ og /ɲ/ - når det ikkje følgjer automatisk av eit skifte /g/ - /j/. Eit verb som /'rɛŋe/ - /'rɛŋte/ 'renne - rente' viser dessutan at palatalen i andre ord kan halde seg framom bøyingssuffikset /-te/. Skiftet /ŋ/ - /ɲ/ i verb er altså verken generelt-fonologisk eller morfofonologisk, men *morfolologisk* i romsdalsk. For sunnmørsk kan derimot preteritumsforma avleias fonologisk, for /ŋj/ (ev. djupstrukturelt /ŋj/) svarer til /ŋg/ [ŋg] framom /d/.

Det skiftet ein har i 'ringje', fins i mange verb, og det «oppleses» svært så regelfast - ikkje mindre for romsdalingar enn for sunnmøringar. I verb som 'tenkje - tenkte' har vi en fullstendig parallell, som lett kan beskrivas med generelle fonologiske reglar - også i romsdalsk - fordi k-en står her. Det kunne dermed vere freistande å drive tryllekunstar med å sette inn ein /j̥/ - eller eit diakritisk merke (som Lass kallar det) i djupstrukturen av romsdalsk 'ringje', for å få til reglar som var parallelle til dei som gjeld samband med k, og parallelle til dei sunnmørske reglane. Sunnmørsk og romsdalsk kunne dermed ha fått same djupstruktur, men i romsdalsk måtte /j̥/-en eller det diakritiske merket deretter strykas att før ein nådde overflata.

Her *hindrar* det empiriske kravet om observasjon oss i å gjøre slike «sprell». Vi finn ikkje tilfelle der vi kan observere noe samband /r̥j̥/ som står i systematisk forhold til /r/. Resultatet blir som nemnt at særdraget i verb som 'ringje' i romsdalsk må beskrivas reint morfologisk, dvs. med mindre generalitet i beskrivelsen. Og det blir ein mangel på symmetri til slike skifte som ein finn i 'tenkje - tenkte'.

(Ein fordel med dette kan ein sjå i at ein ikkje blir freista til å beskrive sunnmørsk og romsdalsk som meir like enn dei egentlig er!)

5. *Stemt affrikat og bitrykk*

Den stemte affrikaten [j̥] fins i stordelen av vestlandsk. I romsdalsk fins han bare etter kort vokal, som altså i /'vɛ̥j̥iŋ/ 'veggen'. (Einast i noen få bygder fins lyden etter lang vokal, som i /'tɔ:̥j̥e/ 'toget'. Resten av Romsdal har /j/ som palataliseringsprodukt i denne posisjonen, altså: /'tɔ:je/.) Dermed reiser spørsmålet seg om vi kan avleie affrikaten av eit anna fonem, dvs. som ein kombinatorisk allofon. Det næraste å tenke på er fonemet /j/, dvs. at ein kunne prøve seg med ein slik generell fonologisk regel:

F: a) /j/ → [j̥] / $\begin{matrix} v \\ [-lang] \end{matrix}$ _____

b) /j/ → [j] elles

(Eg kan òg nemne i parentes at /j̥/ i yngre mål i ein del bygder ser ut til å gli over til ein fonetisk stemt frikativ, altså [j]: [˘byje] for eldre

[ˈby̥j̥e]. Men eit slikt språkhistorisk faktum kan ikkje brukas som empirisk kriterium for den synkrone analysen av tradisjonell romsdalsk. Det kan ikkje styrke analysen, men gir oss derimot interessante konklusjonar om språkutvikling når vi samanliknar ulike aspekt som er studert uavhengig av kvarandre.)

Allofonen [j̥] vil etter regelen ovafor stå i komplementær distribusjon til [j], som fins bare etter lang vokal (og i trykklett staving, der kvantiteten er irrelevant). Dette distribusjonelle mønsteret er absolutt i stavingar med hovudtrykk, problemet oppstår i stavingar der det kan vere aktuelt å plassere bitrykk. Vi må kunne gjøre greie for at ein får affrikat i [ˈteːle̞j̥e] 'tillegget', men ikkje i /ˈmedaja/ (ev. /ˈmidaja/) 'middagen' (dativ eintal). Dersom vi seier at andre leddet har bitrykk, er vi berga, for da har stavinga fonemisk relevant kvantitet, og ein kan altså skrive: /ˈteːle̞j̥e/ [ˈteːle̞j̥e] og /ˈmeːdaːja/ [ˈmeːdaːja]. Den fonologiske regelen F som gjør greie for distribusjonen av [j̥] og [j], gir rett resultat.

Men eitt spørsmål reiser seg straks: Korleis kan vi vite at andre stavinga i desse orda har bitrykk? Det kunne f.eks. deriveras i morfologien som tar seg av komposita, for det er eit vanlig mønster i mange samansetningstypar at andre samansetningsleddet «tar med seg trykket sitt», bare omgjort til bitrykk. Men her er det neppe tale om samansetningar synkront sett. Desse to orda må vere lånt inn i romsdalsk som heile leksem. For skulle dei vere deriverte i romsdalsk, skulle dei heite */ˈteːle̞j̥e/ og */ˈmeːdaːja/. Dei to nemnte leksema er altså ikkje «ekte» komposita, og komposisjonsmorfologien kan ikkje her gi oss opplysningar om bitrykk.

I dei to nemnte orda er det nettopp førekomst av affrikat eller ei som er einaste «signalet» på bitrykk, og vi står dermed i fare for å lage ei elegant ringslutning.

Bitrykket eller sekundærtrykket har ein spesiell og litt problematisk status i fonologien. Den mye brukte definisjonen er at ei bitrykkstaving er ei staving som har dei sekundære særdraga åt hovudtrykkstavinga, men ikkje det primære særdraget med særmerkt tonegang. Dermed fins det ikke noe eige kriterium for bitrykket, det kan bare «observeras» gjennom andre fonetiske drag, såkalla sekundære drag - og i vårt tilfelle er dét nettopp affrikaten. Omgrepet 'bitrykk' er ei analytisk eining utan empirisk uavhengig status.

Det kunne kanskje vere mulig å gi 'bitrykket' ein definisjon som kunne tolkas empirisk, f.eks. at bitrykk blir eller kan bli realisert med eiga modulering av grunnfrekvensen. I somme rytmetypar kan eit slikt bitrykk vere nokså fast, men i andre er denne realiseringa knytt til spesielt framhevande eller «tydelig» uttale. I alle fall kunne nok bitrykket testas i somme tilfelle. Men akkurat i rytmetypen eksempla våre tilhører (og i fleire andre typar), er det vanskelig - og trulig umulig - dessverre.

Bitrykket kunne drøftas mye grundigere enn dette, men poenget er at fonemstatusen åt den stemte affrikaten blir avhengig av at vi ikkje greier å gi empirisk status til ei heilt anna eining i analysen vår, altså bitrykket. Og det greier vi tydeligvis ikkje på ein måte som kan få bitrykket til å omfatte alle stavingar med affrikat. Konklusjonen må dermed bli at ein må etablere /ɲ/ som eige fonem.

6. Ordna reglar

Spørsmålet om ordning av reglar har lenge vore diskusjonstema innafor fonologien (Sommerstein 1977:170-192 og Lass 1984:203-233). Det er regelordninga saman med underliggende diakritiske merke som har gitt beskrivelsesmodellen så sterk beskrivelseskraft. Og akkurat rekkefølga av reglane er det neppe mulig å tolke direkte empirisk. Dermed har det vore lett å avvise regelordning.

Kva gir ein så avkall på, om ein ikkje tillèt noen ordning av reglane? Eg skal vise det med å drøfte *einaste* «regelen» som ein verkelig er freista til å ordne - altså gjøre til ein såkalla «extrinsic rule» - i f.eks. romsdalsk (trulig òg i mange nordafjelske dialektar):

Mf1: /-en/ → /n/ / $\left\{ \begin{matrix} n \\ j \end{matrix} \right\}$ —

Regel Mf1 verkar i ord som /'man+en/ → /'man+n/ 'mannen' og /'hæ:f+en/ → /'hæ:fɲ/ 'hesa/hesja' (dat. eint.). (Reglane som avleier /'ma:n/ frå /'man+n/, er etablert på uavhengig grunnlag, men vi går ikkje inn på dei her.)

Problemet her er gjerne lettast å gripe om eg framstiller det historisk: På grunn av ein eldre assimilasjon av /ɲ/ til /n/ og av /sɔ/ til /ʃ/ får vi «overlagra» ei gruppe ord som ikkje får syllabisert nasal etter

/r/ og /j/ trass i Mf1 - fordi vilkåret for fonologisk syllabisering ikkje var til stades så lenge orda hadde den uassimilerte konsonantismen /rj/ og /sɔ/. Det gjeld ord som har fått slik konsonantisme av den morfofonologiske regelen Mf2 om palatalisering av velarar framom visse endingar: /fest/ heiter altså i bestemt form /'feʃɪr/ 'fisker', og ikkje */'feʃr/ (jamfør /'hæ:ʃr/), og /vɛr/ heiter /'vɛrɪr/ 'venger', og ikkje */'vɛ:r/ (jamfør /'ma:r/.)

Mf2: Føre bøyingssuffiks i sterke mask. eint., sterke fem. eint.

[...] skjer desse lydskifta:

/sk/ -> /ʃ/

/r/ -> /rj/

osv.

Til den fullstendige derivasjonen treng vi òg Mf3, som er etablert på uavhengig grunnlag, men som vi ikkje går nærare inn på her:

Mf3: I bøyingssuffikset i b.f. av sterke maskulina og sterke feminina skjer dette lydskiftet:

/-en/ -> /-ɪr/ / [+palatal]

[+suffiks]

Vi kan lett sjå at syllabiseringa av endings-n-en historisk sett har skjedd før assimilasjonen av /sɔ/ og /rj/. Mønsteret for syllabiseringa er utvikla på eit eldre språksteg. Men sjølve mønsteret er fullt levande i dag, for eit nyare ord som 'kiosk' vil i bestemt form lyde /'kɔ:ʃɪr/, og 'tusi' heiter i bestemt form /'tʊ:ʃɪr/. Det motsette ville vere heilt umulig. Dette er altså eit produktivt mønster.

Det fins fleire former for tryllekunst som kunne løyse dette beskrivelsesproblemet. Diakritisk merkte fonem i djupstrukturen kunne vere éi løysing, og *den* løysinga kunne endatil avspegle korleis språkutviklinga har skjedd. Men eit krav om å kunne observere fonema stenger ei slik løysing ute.

Derimot kan vi ordne regelen Mf1 om syllabisering *før* Mf2 om palatalisering av velarar og Mf3 om palatalisering av endestaving, og dermed få ein rasjonell beskrivelse:

´map+en	-Mf1->	´mapŋ		
´hæ:f+en	-Mf1->	´hæ:fŋ		
´fesk+en			-Mi2->	´feʃen
				-Mf3->
´veŋ+en			-Mf2->	´veŋen
				-Mf3->
´ʁɔsk+en			-Mf2->	´ʁɔʃen
				-Mf3->
´tæf+en	-Mf1->	´tæfŋ		

Figur 2.

Sett på overflata har vi her to endingar i bestemt form, /-ŋ/ og /-iŋ/, som har eit heilt regelfast distribusjonelt mønster: Endinga er avhengig av sluttkonsonantismen i stammen, men i tilfelle som /´feʃiŋ/ må ein kontrollere mot ei anna bøyingsform enn den aktuelle, altså den ubestemte forma, eller før Mf2 har verka i modellen vår.

Vi har eit ønske om å beskrive eit slikt lydavhengig forhold *fonologisk*. Men utan høve til å kunne ordne reglane må vi nøye oss med ein *morfologisk* beskrivelse - og det av noe som altså er lydlig bestemt. Den empiriske protesten mot ordning av reglar ser altså ut til å hindre oss i å beskrive som system det som tydelig er systematisk. Problemet med tradisjonell generativ fonologi var det motsette: Ein kunne beskrive som system det som ikkje var systematisk.

Men eit sentralt spørsmål må nå vere om det er rett å stille det empiriske kravet til fenomenet 'regelordning'. Eg vil sjå det slik at regelordninga hører til sjølv modellen, som ikkje skal vere testbar. Ein skal ikkje tolke modellen empirisk, for han påstår ingenting om objektet. Apparatet vi beskriv med, kan vi prinsipielt ikkje observere, det er bare meir og mindre fruktbart. Vi aksepterer alle ei inndeling i nivå som syntaks, morfologi og fonologi. Men vi kan ikkje teste eller observere denne inndelinga. Sjølv måten å formulere dei fonologiske reglane på med å innarbeide vilkår og strukturbeskrivelsar kan ein heller ikkje observere. Og til same dimensjonen må ein kunne rekne regelordning. Noe anna er det å stille empiriske krav til ein konkret beskrivelse, dvs. til kva den seier/påstår om eit observerbart objekt, her språket.

Regelordninga er ingenting anna enn ein måte å systematisere ulike typar generaliseringar på. Vi ser at generaliseringane har ulik systematisk rekkevidd, og det må vi få uttrykt ved hjelp av beskrivelses-

modellen. Inndelinga i komponentane syntaks, morfologi og fonologi, eller òg morfofonologi og generell fonologi, er ei formalisering av dette. Regelordning er òg ei slik formalisering. Ordninga i seg sjølv høyrer heime i beskrivelsesmodellen, vi treng ikkje spesifisere kva ordninga skal svare til konkret i objektet. Vi treng ikkje å teste ho, for ho gjeld *korleis* vi kan formalisere påstandar om at minst to generaliseringar er avhengige av kvarandre for å kunne vere gyldige som generaliseringar. Utan høve til å ordne reglar ville alle generaliseringane våre blir bare «eindimensjonale». Og det er ikkje like fruktbart som å gi modellen høve til å uttrykke at det kan vere eit indre forhold mellom fleire generaliseringar, f.eks. eit hierarki eller ei ordna rekkefølge. Ei slik regelordning reduserer ikkje vilkåra for å ev. avkrefte påstandar, å ha empiriske tolkingar av reglar.

7. Avslutning

Eg ser altså ikkje at det er grunn til å stille det empiriske test-kravet til ordninga av reglar, for det har med forma på påstandane å gjøere, ikkje med påstandsinnhaldet. Stiller ein empiriske krav til foneminventar og regelpåstandar, vil svært mye vere umulig innafor ein beskrivelse. Det blir mindre hokus-pokus i fonologien, for ein har ein måte å kontrollere beskrivelsen på. Og målet er å kunne kontrollere - ikkje å fjerne all beskrivelseskraft.

LITTERATUR

- Lass, Roger 1984: *Phonology. An introduction to basic concepts*. Cambridge: Cambridge University Press.
Sommerstein, Alan H. 1977: *Modern Phonology*. (Theoretical Linguistics 2.) London: Edward Arnold.

Adressa til forfattaren:
Nordisk institutt
Universitetet i Bergen
Sydnessplass 9
5007 BERGEN

